
Vår referanse 2020/42659-214
Dato 29.12.2020

STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE
Gota 16
6823 SANDANE

Att. Janne Gimmestad

Driftsstønnad til institusjonar / organisasjonar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet over Vestland fylkeskommune sitt kulturbudsjett 2021

Fylkestinget vedtok årsbudsjettet for 2021 i møte 15.12.2019, sak 137/20 og har tildelt Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane eit driftstilskot for 2021 på

kr 15 681 750,-

FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Til grunn for tilskotet ligg dykkar søknad. Eventuelle vesentlege endringar skal meldast til avdeling for Kultur, idrett og inkludering.
- Dersom drifta vert vesentleg endra, eller at det vert påvist tydelege feil eller manglar, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.
- Dei regionale kulturplanane for tidlegare Sogn og fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune er styrande for tildelingar.
- Det skal sendast inn rapport for tilskotet slik det vert omtala nærare i dette brevet.
- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert følgt.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Vestland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/grafisk-profil/> Sjekk at de brukar Vestland fylkeskommune sin gjeldande logo, og på rett måte.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottar meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

RAPPORTERING

Det skal sendast inn årleg rapport med rekneskap og årsmelding seinast innan 1. mai kvart år. Dersom årsrekneskap og årsmelding for 2020 ligg føre innan søknadsfristen 15..mars 2021, ber vi dykk legge desse med som vedlegg til søknaden.

UTBETALING

Om ikkje anna er avtalt vert tilskot betalt ut i løpet av 2.kvartal. Når det gjeld tilskot på meir enn 1 million skjer utbetaling 2 - 4 gongar årleg.

KLAGE

Det er ikkje klagerett på budsjettvedtak, då det ikkje er enkeltvedtak og årsbudsjettet er bindande jf. Kommunelova (§ 46 og § 47). Forvaltningsloven § 28. omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Budsjettvedtak er ikkje omfatta av dette. Eventuell klage på budsjettvedtak skal likevel vurderast og handsamast, og det skal fattast eige vedtak om t.d. avvising av klagen i avgjersorganet.

Det vert elles vist til Fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2021 i politisk sak 137/2020:
<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=125&sourceDatabase=>

SØKNAD FOR 2022

Søknad om fylkestilskot for 2022 skal sendast Kultur, idrett og inkludering **innan 15. mars 2021**.

Elektronisk søknads-/registreringsskjema som vert tilgjengeleg på <https://www.vestlandfylke.no/> skal nyttast. Her vil det bli lagt ut ytterlegare opplysningar om søknadsprosessen. Vi vil oppmode om at de vitjar nettsida i god tid før søknadsfrist.

Søknaden vert handsama som ein del av den totale budsjettprosessen for budsjett 2022. Eit driftstilskot til ein einskildorganisasjon/-institusjon over fylkeskommunen sitt kulturbudsjett er ein eigen post i det årleg vedteke totalbudsjettet. Endeleg budsjettvedtak vert gjort av Fylkestinget for Vestland fylkeskommune i desember 2021. Vedteke budsjett vert også lagt tilgjengeleg på nettsidene våre.

Vestland fylkeskommune har i tillegg til driftsstøtte over budsjett ei rekkje tilskotsordningar retta mot kunst- og kulturlivet. For meir informasjon om dette, sjå www.vlfk.no

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J Aasen Sandved
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift